

REGLEMENT FOR U12 – VOLLEY2000

Det er første året vi arrangerer U12 turneringar i regi av Region Midt – NordVest.

Frå NVBF er følgjande allereie bestemt for U12 turneringar.

- **ein skal ikkje ha sluttrangering etter ei U12 turnering. Det skal ikkje lagast og publiserast lister som viser sluttrangering, kven som vert nr 1, 2, 3 etc.**
- **alle deltakarar skal ha lik premiering**

I tillegg vil vi ha følgjande prøveordning i NordVest for dei første U12 turneringane

Volley2000 for U12 skal vere enklare å spele enn vanleg Volley2000 for U14. Målet er at flest mogleg av spelarane skal synes at dette er kjekt og at dei får ei kjensle av å meistre spelet. Vi vil ha ei prøveordning med inntil 2 sprett for å sjå om det fører til lenger ballvekslingar. Av di dei minste spelarane ikkje er meir enn rundt 25 kg tunge går vi og inn for å spele med lettare ball for dei yngste spelarane under denne utprøvinga av reglement for U12.

Som ei prøveordning for dei første turneringane med Volley2000 for U12 har vi følgjande eigne reglar for U12. Utanom desse gjeld vanlege reglar for Volley2000.

- **inntil 2 sprett – men ikkje 2 på rad utan at nokon har vore bort i ballen – ballen kan og sprette før servemottak**
- **lettare ball enn vanlege volleyballar – bruk t.d. Mikasa School (230 gram i staden for 280 gram)**
- **viss ein spelar har serva 3 servar på rad, og laget framleis har serven, skal laget rotere og ein ny spelar skal serve**

Med sportsleg helsing
Region Midt – NordVest

John Willy Klungre